



Vaksdal kommune

TILLEGGSSINNKALLING FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 27.11.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

TILLEGGSSAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
92/2017	VERTSKOMMUNESAMARBEID MED BERGEN BRANNVESEN

24. november 2017

Eirik Haga
Ordførar

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
92/2017	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	27.11.2017
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 033, FA - M80	14/654

VERTSKOMMUNESAMARBEID MED BERGEN BRANNVESEN**Vedlegg:**

Samarbeidsavtale mellom Vaksdal kommune og Bergen Kommune
Avslag på søknad om dispensasjon fra kvalifikasjonskrav - brannsjef
Gjennomgang av brannvernet - Innstilling fra mellombels komite
DRØFTINGSSAK OM INTERKOMMUNAL BRANN OG REDNINGSTENESTE
Referat frå drøftingstmøte 2015 vedrørande mogeleg administrativt vertskommunesamarbeid med
Bergen brannvesen (L)(40064)
Drøftingsmøte med Fagforbundet om ev brannsamarbeid med andre kommunar - referat frå møte
21.09.2017 (91277)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune inngår administrativt vertskommunesamarbeid etter §28 b om brann og redningstenester med Bergen Brannvesen frå 2018 i samsvar med framdriftsplan. Samarbeidsavtalen vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyret ber rådmannen om å deleger mynde som brannsjef til brannsjefen i Bergen kommune, jf:

- Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon mv. (brannvernloven)
- Forskrift av 26. juni 2002 nr. 728. endret 22. august 2002 nr. 931 og 6. november 2003 nr. 1317, om brannforebyggende tiltak og tilsyn (forebyggende forskrift)
- Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimisjoneringsforskrifta)

Saksopplysningar:**Bakgrunn**

Med bakgrunn i tidlegare utgreiing om brannvernet, framlegg til ny dimensjoneringsforskrift for brannvernet og manglende godkjent brannsjef i kommunen vert det lagt fram ny sak om interkommunalt samarbeid med Bergen brannvesen.

TIDLEGARE UTGREIING OM BRANNVERNET

Det vert vist til tidlegare saker i

- mellombels nemnd for gjennomgang av brannvernet (2012-2014),
- vedtak i kommunestyret 31/2014 (19.05.2014),
- vedtak om utsetting av saka i kommunestyret 92/2015 (14.12.2015),
- orientering i kommunestyret 78/2016.2 (14.11.2016) samt
- orientering i formannskapet FS 36.2017.3 (15.05.2017)

I 2012 vart det sett ned ein mellombels komité for gjennomgang av brannvernet. Komiteen fekk følgjande mandat :

- Leggje fram framlegg til dokumentasjon av brannvesenet i Vaksdal kommune i samsvar med brann og eksplosjonsvernlova §10 og forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenet §2-4, og veileder til forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenet. Vurdere kompetanse og kostnadsbiletet for brannvesenet, også i eit langsiktig perspektiv.
- Vurdere mogeleg interkommunalt samarbeid

Komiteen la ned eit omfattande arbeid over 2 år. I same periode auka fokuset på større organisatoriske einingar for brannvesenet til dømes gjennom anbefaling i *Brannstudien*. Særleg har arbeidet med regionale einingar eller interkommunalt samarbeid/kjøp av tenester blitt aktualisert. Ulike samarbeidsløysingar vart vurdert både mot Bergen og omengskommunane i sør og Voss kommune i nordaust. Etter ein grundig prosess landa nemnda på samarbeid med Bergen som det mest aktuelle for Vaksdal kommune.

Komiteen la fram ei samla vurdering :

I lys av større hendinga i seinare tid ser stadig fleire behov for å samla ressursane til brann og redning i større einingar regionalt. Auka krav kommunane gjer at fleire sokjer saman for å sikre ei effektiv organisering, styrka det førebyggande arbeidet og auka kompetanse og fagmiljø. Brannstudien peikar på trond for større og meir slagkraftige einingar og ser dette saman med organisering av andre naudetatar.

Komiteen vurderer det som særskilt aktuelt for Vaksdal kommune å inngå i eit interkommunalt samarbeid, enten i eit større regionalt samarbeid eller i eit samarbeid med Bergen brannvesen. Gjennom eit slikt samarbeid/kjøp av tenester vil kommunen få tilført kompetanse og inngå i eit større fagmiljø, og kan i større grad løyse sine oppgåver innan førebyggande arbeid og øvingar. Mannskapsstyrken vil som tidlegare vera lokalisert lokalt, men dette må drøftast nærmere ved inngåing av eit slik samarbeid.

Nemnda la 19.05.2014 fram si innstilling til kommunestyret, som gjorde følgjande vedtak:
«Dagens brannordning vert vidareført i påvente av avklaring om eit interkommunalt samarbeid innan brann og redning. Om eit slikt samarbeid ikkje er nærmere ei avklaring innan utgangen av 2014 får formannskapet fullmakt til å gå i dialog med Bergen brannvesen om eit samarbeid. Revidering av brannordninga vert ein del av eit slikt samarbeid. Samarbeidsavtale skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning».

I møte 14.12.15 sak 92/2015 om vertskommunesamarbeid med Bergen brannvesen gjorde kommunestyret slikt vedtak: «*Saka vert utsett. Før saka vert fremja på ny går rådmannen i dialog med brannmannskapet der dei får informasjon og får koma med sine innspel. Referat frå møtet skal fylgja saka når den kjem opp att»*

I melding til kommunestyret sak 78/2016.2 (14.11.2016) om brannsamarbeid i Bergensregionen orientert rådmannen om at ein fann det rett å legge bort saka om vertskommunesamarbeid og

eventuelt ta saka opp att seinare om det endrar seg.

NY DIMENSJONERINGSFORSKRIFT

Det er varsla strengere krav til beredskap og dimensjonering av det kommunale brannvernet. Dsb skal legge fram sitt forslag til endringar i forskrift om dimensjonering av brannvernet til justis- og beredskapsdepartementet tidleg i desember. Direktoratet har gjort kjent at dei går inn for at det vert krav om minimum to heiltidsstillingar i alle brannvesen. Dette er i samsvar med dei poltiske signal som har kome om auka fokus på beredskap.

I gjeldande brannordning for Vaksdal er det krav om 63 % stilling. I dag er brannsjefen tilsett i 100 % stilling fordelt på 90/10 brannsjef/drift feiing.

REKRUTTERING AV BRANNSJEF

I forskrift om dimensjonering av brannvern er det knytt særsikte kompetansekrav til brannsjefstillinga. Det er krav om grunnutdanning innan førebygging samt særsiklt utdanning frå brannskulen.

Etter at stillinga som brannsjef vart ledig har kommunen gjennomført ein grundig rekrutteringsprosess med to utlysingsrundar. Det vart lyst ut breitt i alle kanalar, inkludert utlysing i aktuelle fagtidsskrifter. Best kvalifisert sokjar takka nei til tilbod om stillinga. På bakgrunn av dette vart det sendt inn søknad til direktoratet for sivilt beredskap (dsb) om dispensasjon frå kompetansekrav for kandidat nr 2. Dsb avslo søknaden i brev av 17. mars 2017.

Rådmannen har vore i dialog med dsb om moglegheiter for kompenserande tiltak inntil kandidat er utdanna slik at han stetter kompetansekrav i dimensjoneringsforskrifta. Ein slik utdanning vil truleg ta minst to år å gjennomføre på grunn av begrensa kapasitet hjå Statens brannskule, det er og usikkerheit knytt til opptakskrav. Dsb vil ikkje gje dispensasjon for kompenserande kompetansetiltak under utdanninga.

Det er generelt knapphet på kompetent personell til brannsjefstillingar og mange kommunar har opplevd det same som Vaksdal. Med auka krav i ny forskrift vert denne utfordringa større. Dsb oppmodar kommunar til å finne samarbeidspartar og har i si tilbakemelding til oss peika på eit samarbeid tilsvarande det Osterøy og Samnanger har med Bergen brannvesen.

SAMARBEID MED BERGEN BRANNVESEN

Med bakgrunn i utgreiingane 2012 -2014 ba formannskapet i 2014 rådmannen utarbeide ei sak om eit mogleg samarbeid med Bergen brannvesen på lik linje med Osterøy og Samnanger. Det ble etablert ein dialog med Bergen brannvesen om mogelegheiter for eit slikt samarbeid. Ut over i 2015-2016 vart saka utsett.

Etter rekrutteringsrundane og tilbakemelding frå Dsb tok vi i vår på nytt kontakt med Bergen brannvesen, jf orientering i formannskapet. I august hadde me eit sonderingsmøte mellom Vaksdal kommune og Bergen brannvesen med tanke på å gjenoppta drøftingane om eit brannvernsamarbeid. Bergen brannvesen meldte attende den 8. september 2017 at dei hadde vurdert saka og var innstilt på å få til eit brannsamarbeid med Vaksdal kommune.

Basert på dei tidlegare vurderingane og oppdatert informasjon har rådmann valt å ikkje gå vidare til forhandlingar med Voss kommune. Samarbeid med Bergen brannvesen inkludert Osterøy og Samnanger, har i seg større potensielle fordelar og synargiar for Vaksdal brannvesen. Det at Voss er inne i ein kommunesamanslåingsprosess austover forsterkar vurderingane. Eventuelle overgangsløysingar med Voss er vurdert, men med nye forskriftskrav er det ikkje lenger aktuelt.

Bergen brannvesen har lagt til grunn følgjande forslag til framdriftsplan for eit brannsamarbeid:

Oktoper 2017:

Revidert avtale utarbeides innen utgangen av oktober 2017

November og desember 2017:

Kartlegging av kompetanse og materiell med omforent ambisjonsnivå for eventuell nødvendig oppgradering.

*Bergen brannvesen ansetter ny seksjonsleder for deltidsstyrker og foretar nødvendig overlapping.
Politisk behandling av samarbeidsavtalen (Vaksdal) og signering av avtalen.*

Januar og februar 2018:

Formelt oppstart av samarbeidet

Bergen brannvesen skaffer tilstrekkelig kapasitet til utførelse av brannforebyggende arbeid (både særskilt tilsyn og feiing og tilsyn i private boliger)

Vaksdal tilsetter koordinator for brann- og redningstjenesten i kommunen

Etablere møtestruktur og oppfølgingsrutiner av personell tilknyttet brann- og redningstjenesten i Vaksdal kommune, herunder avklaring av utrykningslederenes (befalets) rolle

Fastsette øvelsesplan for mannskapene i Vaksdal

Mars, april, mai og juni 2018:

Gjennomgang og oppgradering av utrykningsprosedyrer, tiltakskort o.l.

Etablere rutiner for HMS for ansatte i brann- og redningstjenesten i Vaksdal kommune

Innføring av CIM som kvalitetssystem for brann- og redningstjenesten i Vaksdal

Kartlegge status i det brannforebyggende arbeidet i Vaksdal kommune

Informasjonsmateriell og internettbasert informasjonstiltak om brannrelaterte forhold i Vaksdal kommune

Samtrening / fellesøvelser og eventuelle strakstiltak mht kurs og kompetansetiltak

Juli og august 2018:

Ferieavvikling

September 2018:

Opstart i arbeidet med ny brannordning for Vaksdal kommune

Budsjettarbeid for 2019 basert på utført kartlegging og gjeldende status for personell (kompetanse og kapasitet), materiell og anlegg.

Etablere tilfredsstillende vedlikeholdsrutiner for oppfølging av materiell og anlegg

Bergen kommune, ved Bergen brannvesen tilbyr Vaksdal kommune eit samarbeid med utgangspunkt i same avtale som Osterøy og Samnanger har. Utgangspunktet er ein vertskommuneavtale etter §28b- administrativt vertskommunesamarbeid. Bergen kommune får delegert ansvar frå Vaksdal kommune.

Bergen brannvesen har ansvar for brannførebyggande oppgåver, brannsjefsfunksjon og brann- og redningsberedskap for Vaksdal kommune jf. avtale. Innsatsmannskap i Vaksdal vert underlagt brannsjefen i Bergen sin kommando. Brannsjefen rapporterer til rådmann i Vaksdal.

Vaksdal kommune vil framleis ha arbeidsgjevaransvaret for brann- og redningspersonell som inngår i den lokale beredskapsstyrken dvs. verksemder overdraging er ikkje del av avtalen. Samarbeidet representerer inga endring av rettar og pliktar for våre arbeidstakrar. Kommunen vil ha eit koordineringsansvar for lokalt personell.

Når samarbeidet har kome godt i gang og ein har hausta litt erfaring, kan det setjast i verk revidering av brannordninga slik kommunestyret har gjort vedtak om.

Kommunen eig og er økonomisk ansvarleg for eigne bygg/anlegg, utstyr, bilar og materiell som tidlegare. I starten av samarbeidet vert det gjort ei kartlegging av tilstand og investeringsbehov framover som grunnlag for framtidig investeringsplan i økonomiplanen.

Økonomisk vederlag til Bergen Brannvesen er etter avtalen kostnadsrekna til kr 1.125.000 i 2017-kr og vert justert kvart år etter til SSB prisindeks. Etter avtalen skal kommunen ha ein koordinator mellom brannmannskapet og vertskommunen, berekna i inntil 40 % stilling.

Feietenester kjem i tillegg og vert finansiert etter sjølvkostprinsippet for feiring.

Samarbeidsavtalen omtaler nærmere ansvarsforhold, rapportering og oppseiling.
Avtalen kan seiast opp med 12 månaders varsel.

Det overordna regionsamarbeidet i Vest brann- og redning med 110-sentral og IUA som er under etablering kjem i tillegg til vertskommunesamarbeidet med Bergen brannvesen.

Vurdering

Rådmann har vore i dialog med samarbeidskommunane for å hauste erfaringar frå ulike sider på korleis ein opplever at samarbeidet har fungert.

Osterøy kommune

Bergen brannsjef ivaretok brannsjef, overordna vakt, leiar førbygging og leiar beredskap.
Feartenester har dei hand om sjølv. Osterøy kommune har tidlegare hatt tilsett koordinator i 20 % stilling, noko som har vore for lite i høve oppgåver og denne er difor no auka til 40 %.

Osterøy kommune opplever at ein har fått tilført kompetanse på strategisk nivå, dette gjeld særskilt førebygging og taktisk leiing. Osterøy kommune meiner samarbeidsavtalen er uklar på nokre punkt når det gjeld ansvarstilhøve mellom Bergen og Osterøy. Det har vore og er ein del «uro» i rekken i brannvesenet i Osterøy.

Samarbeidet har ført til auka kostnader til brannvernet. Dette gjeld utstyr, kompetanseutvikling samt utrykkingar frå Bergen brannvesen.

Alt i alt ser Osterøy kommune seg tent med samarbeidet, og vurderer idet som lite aktuelt å gå attende til sjølvstendig brannvesen.

Samnanger kommune

Samnanger kommune har fordelt koordinatoroppgåvene på teknisk sjef og 2 andre (fordelt på bil/utstyr og mannskap), det fungerer godt der. Dei har tatt utgangspunkt i 20% stilling samla, men arbeidsmengde varierer.

Samnanger kommune er veldig fornøgd med Bergen brannvesen, dei får god oppfylging og har fått mykje bistand på det brannførebyggande arbeidet, også i høve til kommunale bygg, opplæring internt med vidare som dei skryt veldig av.

Mannskapet har fått all nødvendig kompetanse, dei hadde lite frå før og det har kosta, men dei merker at det har auka profesionaliteten hjå mannskapet. Dei har vorte betre organisert og det er «ro i rekken». Dei har faste møtetidspunkt med Bergen brannvesen og teknisk sjef har avtalt fast

dag for kontakt med Arna. Dei opplever det som lett å få bistand frå avdelingane i Bergen brannvesen.

Våre mannskaper

Samarbeidet med Bergen brannvesen endrar ikkje tilsettingsforholdet for vårt deltidsmannskap. Vaksdal kommune vil framleis ha arbeidsgjevaransvaret for mannskapet og vår koordinator vil ha ansvar for vaktplaner og forhold knytt til arbeidsforholdet. I framlegget har Vaksdal auka denne ressursen noko utover det som er berekna behov, dette er gjort for å sikre god koordinering både med mannskapet lokalt og leiinga i Bergen/Arna.

Tilbakemeldingane i ei intern undersøkjing tidleg i 2016 viste at mannskapa var nøgde med korleis brannberedskapen fungerte og meinte at brannvernets akuttfunksjon vart ivaretatt. Stasjonane var dei lite nøgd med, men kvalitet på personutstyr vart oppfatta som godt. Om opplæring varierte svara litt meir, halvparten meinte det kan bli betre med eit samarbeid med Bergen. Om samarbeid med andre var det gjennomgåande skepsis og lita tru på at det ville bli betre.

Mannskapet vil naturleg vera mest opptatt av det operative arbeidet, det overordna og strategiske ansvaret som ligg til brannsjefstillinga er dei mindre i kontakt med. Rådmann må ivareta det samla ansvaret for beredskap som kommunen har etter lov og forskrift. Kravene til godkjent kompetanse i stillinga som brannsjef inngår i dette og vil venteleg verte utvida i den nye forskrifa.

Etter tilbakemeldinga frå Dsb i vår vart det halde møte med brannmannskapet om situasjonen og kva mogelege løysingar ein såg for å kome vidare. Tilbakemeldinga frå Dsb vart gjennomgått og det var høve til å stille spørsmål. Mannskapet gav uttrykk for sine syn. Det var og forståing for at kommunen må finne ei tilfredsstillande løysing i samsvar med dei krava som ligg føre. Ein del praktiske forhold må ein ta etter kvart som me kjem lenger i prosessen. Det vert halde nytt møte med mannskapa denne veka om prosessen vidare.

Det vart halde drøftingsmøte etter hovudavtalen 21.09.2017 der drøftingsgrunnlaget var situasjonen for brannvernet og mogeleg samarbeid med Bergen brannvesen. Fagforbundet er opptatt av god koordinering opp mot mannskapa og meiner at løysinga med koordinator blir viktig. Brannvesenet har lenge hatt ein uavklart situasjon i forhold til brannsjefstillinga. Det er viktig å snarast mogeleg finne ei god og stabil løysing for framtida.

Økonomiske konsekvensar

I tabellen under er dei økonomiske konsekvensane ved samarbeid med Bergen brannvesen samanstilt. Samanlikna med dagens organisering vil eit samarbeid med Bergen brannvesen innebere auka kostnader for kommunen. Dersom dimensjoneringsforskrifta vert endra slik det er signalisert vil det vere lønnsamt å samarbeide med Bergen brannvesen.

Stilling	Dagens	Bergen brannvesen	Ev. med ny forskrift
Brannsjef og varabrannsjef	840 000	1 125 000	840 000
Koordinator		252 000	
Leiar førebyggande/beredskap			700 000
Sum	840 000	1 377 000	1 540 000
Auke i kostnader		537 000	700 000

Etter ei heilskapleg vurdering av;


- beredskap og førebygging av brannar og ulykker,
- kompetanse og økonomi,
- risiko og sårbarheit,

- varsla endringar av dimensjoneringsforskrifta
- mangel på godkjent personell (brannsjef)

tilrår rådmannen at ein inngår avtale om samarbeid med Bergen brannvesen med Bergen kommune som vertskommune. Framlagt framdriftsplan vert lagt til grunn med oppstart i 1. kvartal 2018.



Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om brann- og redningstjenester



Samarbeidet er inngått med bakgrunn i kommunelovens § 28 b - administrativt vertskommunesamarbeid. Denne avtale følger bestemmelsen i kommuneloven § 28 e om oppretting av skriftlig samarbeidsavtale.

1. Bakgrunn og formål

Kommunene er i henhold til

- Lov av 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven)
- Forskrift av 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging
- Forskrift av 26. juni 2002 nr. 729 om organisering og dimensjonering av brannvesen

pålagt å ha et brannvesen for å gjennomføre oppgaver av brannforebyggende og kontrollerende art, ha en innsatsstyrke ved brann - og ulykkessituasjoner, samt å sikre at brannvesenet er utstyrt, organisert og bemannet med personell som har tilstrekkelig kompetanse i forhold til de oppgaver de er tillagt.

Formålet med denne avtalen er å regulere rettigheter og plikter ved at Bergen kommune delegeres ansvar fra Vaksdal kommune for utførelse av brann- og redningstjenester.

2. Samarbeidende kommuner

Samarbeidsavtalen er mellom Bergen kommune (heretter Bergen brannvesen) som vertskommune og Vaksdal kommune.

3.1 Oppgaver som tillegges Bergen brannvesen

Bergen brannvesen utfører følgende oppgaver for Vaksdal kommune:

- Brannsjeffunksjon
Brannsjef i Bergen er også brannsjef i Vaksdal kommune. Dette innebærer bl. a. følgende oppgaver:
 - Brannfaglig myndighet utøves i henhold til lov og forskrift samt vedtak om delegert myndighet
 - Ledelsesfunksjoner både innen brannforebyggende arbeid og operative tjenester
 - Brannsjefen eller dennes representant møter i kommunens krise- og beredskapsledelse på anmodning fra rådmann/ordfører

- Brannforebyggende oppgaver:
 - Gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farer ved brann, brannverntiltak og oppreten i tilfeller av branner og andre ulykker
 - Ansvar for tilsyn i særskilte brannobjekter, herunder planer, prioritering, gjennomføring og oppfølging
 - Gjennomføre ulykkesforebyggende oppgaver i forbindelse med håndtering av farlig stoff og ved transport av farlig gods på vei
 - Utføre nærmere bestemte forebyggende og beredskapsmessige oppgaver i krigs- og krisesituasjoner
 - Bistand i forbindelse med uttale i aktuelle plan- og byggesaker
- Brann- og redningsberedskap
 - Bergen brannvesen har ansvar for overordnet beredskapsledelse, herunder overordnet vakt
 - Innsatsmannskap i Vaksdal kommune er underlagt brannsjefen i Bergen sin kommando
 - Lokal utrykningsleder er delegert lederansvaret inntil eventuell representant fra Bergen brannvesen (normalt utrykningsleder i Arna brannstasjon) ankommer skadestedet

3.2 Oppgaver som ivaretas av Vaksdal kommune

- Vaksdal kommune har arbeidsgiveransvaret overfor brann- og redningspersonell som inngår i den lokale beredskapsstyrken i kommunen
 - Personalrelatert arbeid, herunder rekruttering
 - Lønn, herunder også utgifter i forbindelse med øvelser og kurs
- Vaksdal kommune er eier av brannstasjoner, utrykningskjøretøy og annet materiell som inngår i det lokale beredskapsoppsettet
- Vaksdal kommune er økonomisk ansvarlig for FDV av egne bygg, anlegg, utstyr og materiell tilknyttet brann- og redningsberedskapen

Bergen brannvesen skal utarbeide årsrapport over forrige års aktiviteter. Rapporten oversendes rådmannen innen 1. april hvert år.

Oppgaven skal utføres i henhold til et system for kvalitetsstyring/internkontroll som skal dokumenteres skriftlig. Systemet skal holdes oppdatert av Bergen brannvesen og skal gjøres tilgjengelig for Vaksdal kommune og tilsynsmyndigheter på forespørrelse.

Vaksdal kommune v/ rådmannen skal inviteres til årlige evalueringsmøter hvor erfaringene med virksomheten og samarbeidet mellom kommunene drøftes. I møtet skal også grunnlaget for beregning av det økonomiske vederlaget og eventuelle behov for endringer i budsjett drøftes. Møtet skal gjennomføres innen utløpet av april måned. Bergen brannvesen skal sende innkalling til Vaksdal kommune i god tid.

Bergen kommune orienterer Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) og Fylkesmannen i Hordaland om etablering av samarbeidet.

4. Kommunenes plikter

Vaksdal kommune har ansvar for generell informasjon om ordningen overfor egne ansatte, virksomheter som har ansvar for særskilte brannobjekt og kommunens innbyggere.

Vaksdal kommune plikter å delegere nødvendige fullmakter til brannsjefen i Bergen. Delegasjonsvedtaket inntas som vedlegg 1 til denne avtalen.

Vaksdal kommune plikter å oversende Bergen brannvesen oversikt over særskilte brannobjekt med sakshistorikk.

Vaksdal kommune plikter å gjennomføre nødvendig kompetanseløft og sørge for vedlikehold av kompetansen. Omforent kompetanseutviklingsplan inntas som vedlegg 2 til denne avtalen.

Vaksdal kommune plikter å utføre nødvendige FDV-tiltak for bygninger, anlegg, utstyr og materiell som omfattes av samarbeidet.

Bergen brannvesen plikter å levere tjenester i henhold til denne avtalen.

5. Økonomisk vederlag

Bergen brannvesen sender faktura til Vaksdal kommune med betalingsfrist 1. juli samme år som utgiftene påløper. Fakturabeløpene vil være:

NOK 1 125 000 eks. mva. for brann- og redningstjenesten, basert på:

- For brannsjef, ledelsesfunksjoner og forebyggende brannvern NOK 727 400
- For beredskapsledelse og drift av brann- og redningsberedskapen NOK 397 600
- Eventuell bistand fra Bergen brannvesen (primært Arna brannstasjon) faktureres i henhold til KS sine satser for slik bistand

De angitte beløp er helårsbeløp for 2017 og skal justeres hvert år i henhold til SSB-indekset «Gjennomsnittlig månedslønn for alle ansatte i ulike næringer: Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning». Justeringen skal være endringen i indeksen for de to foregående årene. Første gangs justering vil være for 2018. Det økonomiske vederlaget for 2018 vil således tilsvare helårsbeløpet for 2017 justert med endringen i indeksen fra 2016 til 2017.

6. Inngåelse, endring og oppsigelse av avtalen

Inngåelse av avtalen forutsetter at nødvendige fullmakter til brannsjefen i Bergen er vedtatt av kompetent organ i Vaksdal kommune.

Avtalen gjelder fra 1. januar 2018, og kan sies opp skriftlig med gjensidig oppsigelsesfrist på tolv måneder.

Dersom en av samarbeidskommunene ønsker å endre innholdet i avtalen, tas dette opp i det årlige evalueringsmøtet.

Eventuelle fremtidige endringer i lover og forskrifter vil kunne utløse behov for reforhandling av avtalen.

Ved avslutning av avtaleforholdet skal registrerte opplysninger om bygninger og anlegg i Vaksdal kommune straks overføres elektronisk til Vaksdal kommune vederlagsfritt.

Sted / dato:

For Bergen kommune

Leif Linde
Kst. brannsjef

For Vaksdal kommune

Åse Lill Myking
Kst. rådmann



Vår saksbehandler
Berthelsen, Svend Robert, tlf. 33 41 25 91

Dokument dato
04.04.2017

Vår referanse
2017/3086/BESV

Deres dato
17.03.2017

Deres referanse
16/62 - 17/2359

Arkivkode
362

Vaksdal kommune
Att. Willy Andre Gjesdal

5721 DALEKVAM

Avslag på søknad om dispensasjon fra kvalifikasjonskrav - brannsjef

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til deres brev 17. mars 2017.

Direktoratet har vurdert deres søknad i forhold til Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen 26. juni 2002 nr. 729 (dimensjoneringsforskriften), gitt med hjemmel i brann- og eksplosjonsvernloven 14. juni 2002 nr. 20. Forskriftens kapittel 7 stiller krav til formell grunnutdanning, brannteknisk utdanning og erfaring. Mangler deler av utrykningslederutdanningen, Beredskapsutdanning trinn III og yrkesutdanning i forebyggende brannvern.

Vedtak:

I henhold til dimensjoneringsforskriften § 8-2, finner DSB ikke å kunne innvilge midlertidig dispensasjon fra kompetansekravet.

Begrunnelse:

Personen det søkes dispensasjon for, har etter direktoratets oppfatning, ikke tilstrekkelig kompetanse til at han kan tillegges brannsjeffunksjonen, med de oppgaver og det ansvar en slik funksjon innebærer.

Direktoratet oppfordrer Vaksdal kommune til å inngå samarbeid med andre brannvesen, eller kjøpe brannsjeffunksjon fra annen kommune, for å få på plass en ledelse av brann- og redningsvesenet i kommunen som er kompetent i henhold til forskriftens krav. Vi viser i den forbindelse til samarbeidsprosjektet Bergensalliansen.

Vedtaket kan påklages til Justis- og beredskapsdepartementet i henhold til brann- og eksplosjonsvernloven § 41 innen tre uker fra underretning om vedtaket er kommet frem. Eventuell klage fremsettes for DSB. For øvrig vises det til lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningsaker kapittel VI.

Med hilsen
for Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Enhet for kompetanse og rapportering

Morten Støldal
fungerende avdelingsleder

Berthelsen, Svend Robert
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
31/2014	Kommunestyret	PS	19.05.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 033, FA - M80	14/654

Gjennomgang av brannvernet - Innstilling frå mellombels komite

Vedlegg:

Dokumentasjon Vaksdal brannvesen 2014

Alternativ brannordning

Brann kompetanse plan 2014-2017

Uttale frå brannsjefen

Mellombels komite for gjennomgang av brannvernet sitt framlegg til vedtak:

Dagens brannordning vert vidareført i påvente av avklaring om ev interkommunalt samarbeid innan brann og redning. Om eit slikt samarbeid ikkje er nærrare ei avklaring innan utgangen av 2014 får formannskapet fullmakt til å gå i dialog med Bergen brannvesen om eit samarbeid. Revidering av brannordninga vert ein del av eit slikt samarbeid.

Samarbeidsavtale skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning.

Kommunestyret - 31/2014

KOM - behandling:

Følgjande ba om at kommunestyret vurderte habiliteten deira:

Magne Hestad, Fred Bjørnberg, Bjørg Aase N. Hop, Boris Groth, Karin N. Flatekval

Med heimel i fvl § 6 a vedtok kommunestyret samråystes at Magne Hestad og Fred Bjørnberg er ugilde i saka.

Med heimel i fvl § 6 b vedtok kommunestyret samråystes at Bjørg Aase N. Hop, Boris Groth, Karin N. Flatekval

Saksordførar Helge Gullbrå orienterte.

Irving Sæterdal ba om gruppemøte.

Endringsframlegg frå Anneli Vatle Lilletvedt, på vegner av H, SV:

Brannordning av 01.03.1999 vert vidareført og auka i tråd med faglig anbefaling frå brannsjefen i

Vaksdal i brev av 12.05.2014.

Overordna ROS-analyse for kommunen skal utarbeidast og vere ferdig seinast innan frist satt av Fylkesmannen i Hordaland 31.03.2015.

Vidare arbeid med kommunal beredskap og evt. tilpassingar i brannvernordning vert så basert på overordna ROS-analyse for kommunen, herunder evt. interkommunale løysingar.

Framleggget frå nemnda og Anneli Vatle Lilletvedt vart sett opp mot kvarandre.
5 røysta for framleggget frå Anneli Vatle Lilletvedt som dermed fall.

KOM - vedtak:

Dagens brannordning vert vidareført i påvente av avklaring om ev interkommunalt samarbeid innan brann og redning. Om eit slikt samarbeid ikkje er nærmare ei avklaring innan utgangen av 2014 får formannskapet fullmakt til å gå i dialog med Bergen brannvesen om eit samarbeid. Revidering av brannordninga vert ein del av eit slikt samarbeid.

Samarbeidsavtale skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret etablerte i møte 19.03.12 ein mellombels komite for gjennomgang av brannvernet. Komiteen fekk følgjande mandat :

- Leggje fram framlegg til dokumentasjon av brannvesenet i Vaksdal kommune i samsvar med brann og eksplosjonsvernlova §10 og forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenet §2-4, og veileder til forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesenet.
- Vurdere kompetanse og kostnadsbiletet for brannvesenet, også i eit langsigktig perspektiv.
- Vurdere mogeleg interkommunalt samarbeid

Komiteen sitt mandat og arbeid har vore omfattande og fristen for framlegg til kommunestyret har vorte forlenga undervegs. Oppsummert er følgjande gjennomgått og lagt til grunn under punkta i mandatet:

Første punkt:

- Brann- og eksplosjonsvernlova med føresegner, veiledning til forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen, høyring frå Justis-og beredskapsdep «Ny utdaning for nye utfordringar» er gjennomgått. Gjeldande brannordning presentert.
- Gjennomgan av arbeid utført av brannvern- og beredskapsrådgjevar Magne Eikanger hausten 2010 av brann- og ulykkesscenarier, analyse av brannrisiko og sårbarhet, dokumentasjon av brannvesenet med loggar og notat om interkommunalt brannvernsamarbeid, presentert av Eikanger.
- Deltaking på fylkesmann sin beredskapssamling om brannvern og beredskap der arbeid

- med risikoanalyse og kommunane sitt arbeid med heilsapeleg risikoanalyse var hovedtema og elles m.a. orientering om nytt naudnett og nytt fra brannsektoren.
- Gjennomgang og presentasjon av dagens situasjon i brannvernet av brannsjefen i Vaksdal
- Vurdering av ROS og brannordning pr 2013, presentert og gjennomgått av Skansen Consukt
- Orientering og oversikt over øvingar, kompetanse og utstyr v/brannsjefen
- Brannstudien (2013)
- Gjennomgang av tiltak sett i verk for å sikre dagberedskap v/rådmann
- Orientering om mannskapsstyrke, vaktordning m/kostnad, rekruttering v/ HR leiar
- Framlegg av 3 alternativ for organisering av brannvernet og gjeldande kompetanseplan v/rådmann

Andre punkt

- Gjennomgang av kompetansekrav og kompetanseplan, utstyr og utstyrssbehov framover
- Samarbeid i regionen om kompetansetiltak og utstyr, mogelegeheter framover

Tredje punkt

- «Mulighetsnotat» utarbeidd i 2010 v/ Eikanger
- Samarbeidsavtaler og bistand frå andre brannvesen/andre
- Brannstudien, Justis og beredskapsdepartementet
- Mogeleg samarbeid mellom Voss og Vaksdal brannvern, v/rådmann/brannsjef Voss 2013
- Interkommunalt samarbeid-mogelegeheter og gevinstar v/brannsjef i Bergen Johnny Breivik
- Fylkesmann sin høyringsuttale til brannstudien og pågående arbeid/søknad om å bli pilotfylke for anbefalt modell for organisering av brannvesenet i 18 (19) enheter etter fylkesgrensene.
- Pilotprosjekt «Hordaland brann- og redningsvesen» - finansiert av skjønnsmidlar, kommunale og statlege midlar
- Interkommunalt prosjekt for samarbeid innan samfunntryggleik og beredskap – prosjekt for etablering er finansiert gjennom skjønnsmidlar

Krav til kommunane

Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og ekspljosjonsvernloven) <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2002-06-14-20> stiller følgjande krav til kommunane:

Kapittel 3. Kommuners plikter og fullmakter

Kommunen skal sørge for etablering og drift av et brannvesen som kan ivareta forebyggende og beredskapsmessige oppgaver etter loven på en effektiv og sikker måte.

Kommunen skal gjennomføre en risiko- og sårbarhetsanalyse slik at brannvesenet blir best mulig tilpasset de oppgaver det kan bli stilt overfor.

Leder av brannvesenet og øvrig personell skal ha de kvalifikasjoner som er nødvendige for å kunne ivareta brannvesenets oppgaver på en forsvarlig måte.

To eller flere kommuner kan avtale å ha felles brannvesen eller felles ledelse av brannvesenet. Kommunen kan gjennom avtale overlate brannvesenets oppgaver og ledelse helt eller delvis til en annen kommune, virksomhet e.l. Kommunen må i slike tilfeller etablere ordninger som sikrer at all myndighetsutøvelse etter loven skjer under kommunens formelle ansvar.

og nærmere om brannvesenet sine oppgåver:

Brannvesenet skal (§11):

- a) gjennomføre informasjons- og motivasjonstiltak i kommunen om fare for brann, farer ved brann, brannverntiltak og oppreten i tilfelle av brann og andre akutte ulykker
- b) gjennomføre brannforebyggende tilsyn
- c) gjennomføre ulykkesforebyggende oppgaver i forbindelse med håndtering av farlig stoff og ved transport av farlig gods på veg og jernbane
- d) utføre nærmere bestemte forebyggende og beredskapsmessige oppgaver i krigs- og krisesituasjoner
- e) være innsatsstyrke ved brann
- f) være innsatsstyrke ved andre akutte ulykker der det er bestemt med grunnlag i kommunens risiko- og sårbarhetsanalyse
- g) etter anmodning yte innsats ved brann og ulykker i sjøområder innenfor eller utenfor den norske territorialgrensen
- h) sørge for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Kommunen kan legge andre oppgaver til brannvesenet så langt dette ikke svekker brannvesenets gjennomføring av oppgavene i første ledd.

I tilhørende føresign om organisering av brannvesenet er dette utdjeta:

Utdrag fra **forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen** med kommentarer og vurderinger <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2002-06-26-729> og rettleiar <http://oppslagsverket.dsb.no/content/brann-og-eksplosjonsvern/forskrifter/organisering-av-brannvesen/veiledning/>

Kap 1. Innledende bestemmelser- om formål og verkeområde

Forskriften skal sikre at enhver kommune har et brannvesen som er organisert, utrustet og bemannet, slik at oppgaver pålagt i lov og forskrifter blir utført tilfredsstillende. Videre skal forskriften sikre at brannvesenet er organisert og dimensjonert på bakgrunn av den risiko og sårbarhet som foreligger.

Kap. 2. Administrative forhold - om samarbeid, delegering, meldingar og dokumentasjon

Kommunen skal sørge for at brannvesenet søker samarbeid med andre myndigheter for å sikre best mulig brannvern for kommunens innbyggere

Kap 3. Organisering og dimensjonering av forebyggende oppgaver - om samarbeid, kapasitet, kompetane og dimensjonering

Kommunen skal søke samarbeid med andre kommuner for best mulig å utnytte samlet kompetanse i regionen, slik at det forebyggende arbeid blir utført tilfredsstillende
Brannvesenets forebyggende avdeling skal være slik bemannet og ha slik kompetanse at de krav som stilles til brannvesenets gjennomføring av forebyggende og kontrollerende oppgaver oppfylles. Det skal utføres minst ett årsverk brannforebyggende arbeid etter forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn pr. 10.000 innbyggere i kommune.

For Vaksdal kommune er førebyggande personell berekna til 0,4 % stilling i tillegg til leder.

Kap. 4. Organisering av beredskap og innsats – om m.a samarbeid, bistand, mottak av naudmelding, innsatstid og øving.

Kommunen skal søke samarbeid med andre kommuner og beredskapsorganisasjoner for best mulig å utnytte ressursene i regionen.

Til tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning, sykehus/sykehjem mv., strøk med konsentrert og omfattende næringsdrift o.l., skal innsatstiden ikke overstige 10 minutter.

Innsatstiden kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risiko. Kommunen skal dokumentere hvordan dette er gjennomført

Innsatstid i tettsteder for øvrig skal ikke overstige 20 minutter. Innsats utenfor tettsteder fordeles mellom styrkene i regionen, slik at fullstendig dekning sikres. Innsatstiden i slike tilfeller bør ikke overstige 30 minutter.

Alle 3 tettstader kan nåast innafor maksimaltida på 20 minutter og det aller meste av kommunen er dekka innan 30 min. Dei to sjukeheimane i kommunen og møllebedriftene på Vaksdal krev i dag ei innsatstid på 10 min og er årsaka til at vi har brannstasjonar på Vaksdal og Dale.

Forskrifta gir kommunane anledning til å ha lenger innsatstid enn 10 min når det er etablert ytterlegare førebyggande tiltak i desse objekta. Eksempel på slike tiltak kan vera lokalt innsatspersonell med særskilt opplæring og øving. I eit meir lagsiktig perspektiv vil det vera behov for utskifting av brannbil og ev ny brannstasjon på Vaksdal, då kan det vera aktuelt å vurdere dette opp mot førebyggande tiltak i objekta.

Alt personell som inngår i beredskapen skal jevnlig øves for de oppgaver de kan forventes å bli stilt overfor i brann- og ulykkestilfeller. Den samlede beredskap innenfor kommunen eller brannvernregionen skal øves slik at samband og kommandolinjer fungerer tilfredsstillende.

Kap. 5. Dimensjonering av beredskap – om krav til dimensjonering, vaktlag, vaktberedskap og tankbil.

Enhver kommune skal ha beredskap for brann og ulykker som sikrer innsats i hele kommunen innenfor krav til innsatstider etter § 4-8. Samlet innsatsstyrke skal være minst 16 personer, hvorav minst 4 skal være kvalifiserte som uthyrningsledere. Beredskapen skal legges til tettsted der slikt finnes. Et tettsted kan dekkes av beredskap fra annet tettsted innenfor krav til innsatstider etter § 4-8.

For Vaksdal brannvesen gjeld dimensjonering av innsatsstyrke for små kommuner (under 2000 innbyggjarar i større tettstad).

Et vaktlag skal minst bestå av: 1 uthyrningsleder og 3 brannkonstabler/røykdykkere

Forskrifta stiller ikkje krav om røykdykkere.

I spredt bebyggelse og i tettsteder med inntil 3.000 innbyggere kan beredskapen organiseres av deltidspersonell uten fast vaktordning.

Minstekrava i kap 3,4 og 5 er knytt til tettstadar, innbyggartall og innsatstider, og skal sikre eit minste tryggleiksnivå. Det er venta at kommunar har eit brannvesen med minst 16 personar som skal kunne handtere «liten» og «større» brann/ulykke. Minst 4 mannskaper skal utgjera ein førsteinnsatsstyrke. Som «liten» brann/ulykke kan vera brann i bustad/leilighet/fritidsbustad inntil 150m², trafikkuhell med 1-2 bilar involvert, pipebrann og grasbrann.

Etter 10-15 min (innsatstid 20/30 min) frå førsteinnsatsen er starta opp, skal samla minst 12-14 mannskaper vera i innsats. Denne innsatsstyrken sal kunne handtere ein «større» brann eller ulykke som totalbrann i bygning som bustadhús i tettbygde strøk, rekkehús, overnattingsstad, næringsverksemد inntil 1800m², trafikkulykker med meir enn 2 biler involvert, mindre skogbrann

I område der tilstrekteleg vatn til brannslokking ikkje kan skaffast raskt pålegg

dimensjoneringsforskrifta brannvesenet å bringe med seg tankbil , t.d i lengre tunellar.
Vaksdal Brannvesen har tankbil stasjonert på Dale.

Kap. 6. Utrustning av beredskapen – om utrustning og materiell.

Brannvesenet skal disponere egnet og tilstrekkelig utstyr med høy driftssikkerhet til innsats ved de branner og ulykker som kan forventes, herunder transportmidler, pumper, slanger og annet slokkeutstyr, samt utstyr til bruk ved akutt forurensning.

I områder hvor tilstrekkelig vann til brannslokking ikke umiddelbart kan skaffes til veie, skal brannvesenet medbringe vann til slokking.

Brannvesenet i Vaksdal er godt utrusta med utstyr til innsats, verneutstyr, samband, særskilt utstyr til bruk ved ulykker med personskade og materiell til bruk ved ved akutt forureining og andre ulykker(IUA).

Kap. 7. Opplæring og kompetanse – om kompetansekrav

Kommunen skal sørge for at personell i brannvesenet tilfredsstiller de krav til kvalifikasjoner som denne forskrift stiller. Det skal gjennomføres praktiske og teoretiske øvelser med slik hyppighet, omfang og innhold at personellets kompetanse blir vedlikeholdt og utviklet slik at den er tilstrekkelig til at brannvesenet kan løse de oppgaver det kan forventes å bli stilt overfor

Det skal utarbeidast kompetanseplanar for å sikre at kvar enkelt får den opplæringa som er krevd, dette er nærmere skildra under kompetanse (andre pkt i mandat).

Kap 8. Avsluttende bestemmelser – om tilsyn, avvik, klage og pålegg

Vurdering

Følgjande organisering og dimensjonering er vurdert og lagt til grunn for framlegg:

1. Dimensjonering (første punkt i mandatet)

På grunnlag av tilgjengeleg analysar og dokumentasjon er det gjennomgått tre alternativ til organisering av brannberedskapen:

1. Vaktordning som i dag (Dale kveld/natt/helg – Vaksdal helg)
2. Brannberedskap med vaktordning helg (fredag-måndag) + høgtid
3. Brannberedskap utan vaktordning, men med større mannskapsstyrke
Sjå vedlegg med kostnadsberekingar

Tilleggsberedskap:

- Styrka dagberedskap gjennom rekruttering internt og andre med arbeidsplass lokalt
 - utvida mannskapsstyrke
 - Utdanna fleire sjåførar for store kjøretøy
 - 12 (19) røykdykkarar (innår i mannskapsstyrke)
2. Kompetanse og kostnadsbiletet for brannvesenet, også i eit langsiktig perspektiv (andre punkt)

Kompetansekrav brannkonstablar:

1. To års systematisk internopplæring i brannvesenet etter læreplan frå Norges Brannskule,

dokumentert i opplæringsbok.

2. Grunnkurs fordelt på nettbasert sjølvstudium, kvelds/helg undervisning og praksisveke med eksamen.

Kompetansekrav utrykningsleiar:

1. Gjennomført utdanning for brannkonstablar
2. Beredskapsutdanning I for deltidsbrannvesen (Beredskapsutdanning II for heiltid) ved Norges Brannskule

Status Vaksdal: vedlagt kompetenseplan 2014 -2017

- Fortlöpande internopplæring for brannkonstablar, nyrekrutterte startar opp
- Grunnkurs: fortlöpande etter behov, jf plan
- Beredskapskurs for utrykningsleiarar fortlöpane etter behov, jf plan
- Sjåfør kl C + utrykning code 160 - etter behov p.t kurs for intern rekruttering

Det er utarbeidet kompetanseplan t.o.m 2017.

Utdanninga ved Norges brannskule er kostbar (reise og opphold, tapt arbeidsforteneste) og har få plasser. Bergen kommune har opplæring i egen regi, gjennom eit ev samarbeid kan kommunen få tilgang til opplæring lokalt til ein lågare kostnad.

Utstyr

Generelt er brannvesenet i kommunen godt utstyrt etter satsingar på kjøretøy og utstyr dei siste 8-10 åra. Det vert lagt opp til jamleg utskifting av ulike typar drifts- og verneutstyr, medan større utstyr på inn på investeringsbudsjettet i økonomiplanen.

Utfordringar/Behov framover:

- Kostander kompetansekrav
- Ny brannbil Vaksdal
- Ev ny stasjon Vaksdal

Kostnader ved å dekke kompetansekrava vil variere avhengig om ein lukkast i å få til regionale løysingar. For 2014 vart det gitt ekstraløyving til kommunane over rammetilskotet (ikkje øyremerka) til opplæring av mannskapa. Vaksdal fekk kr 139.000 som vart tilført budsjettet til brann og redning. Løyvinga var gledeleg, men dekker likevel berre ein svært liten del av kostnadane til kompetanse. Eit tilbod i regionen med tilstrekkeleg kapasitet til redusert pris må til for at kommunane skal klare kompetanseløftet i brannvernet.

Investeringar i ny brannbil og ev ny stasjon på Vaksdal må vurderast i økonomiplanperioden. Konsekvensførebyggande tiltak for å redusere krav til innsatstid bør vurderast, i tillegg bør samarbeidsløysingar med andre brannvesen o.a vurderast før ei ev større investering.

Vaksdal kommune har høgare kostnader til brannvern enn tilsvarande kommunar av same storleik. Kostratal viser at brannvern sin del av budsjettet utgjer 2,1 % i Vaksdal mot eit snitt på 1,3 % for landet. Dette skuldas i hovudsak høgare dimensjonering enn minimumskravet etter kommunestorleik. Samla kostnad brannvern 2013 er kr 5,3 mill mot 4,6 mill i 2012.

Med auka fokus på samfunnstryggleik og beredskap i samfunnet og auka krav til kommunane i lovverket er det sannsynleg at kommunane sine kostnadane til beredskap inkl brann og redning kjem til å stige i åra framover. Effektiv organisering og statleg finansiering av auka beredskap vil vera avgjeraende for at kommunane skal kunne innfri lovkrava og meistre dei økonomiske utfordringane.

3. Vurdere mogeleg interkommunalt samarbeid (tredje punkt i mandatet)

I perioden nemnda har arbeidd har det blitt auka fokus på større organisatoriske einingar for brannvesenet t.d gjennom anbefaling i *Brannstudien*. Særleg har arbeidet med regionale einingar eller interkommunalt samarbeid/kjøp av tenester blitt aktualisert. Søknaden frå fylkesmannen om å etablere eit pilotfylke i Hordaland i samsvar med anbefalingane i brannstudien kan bli innvilga. Politisk og administrativt arbeid for regionalt samarbeid om dei store beredskapsoppgåvene og ansvaret som kommunane har pågår parallelt. Regionale løysingar for brannvern vil truleg medføre tilsvarende samarbeid for heile beredskapsområde. Fordelane med slik organisering er større kompetansemiljø, opplæringsmogelegeheter, auka ressursar og kompetanse til det førebyggande arbeidet og tilsyn, heiltidsstillingar innafor viktige fagfelt og leiarutvikling.

Nyleg har Samnanger og Osterøy kommunar inngått driftssamarbeid med Bergen kommune. Om eit slikt samarbeid er aktuelt for Vaksdal synes det å vera mest å hente på å knytte seg til Bergen. Bergensalliansen har tatt initiativ til å sjå på interkommunalt samarbeid om brann og redning. I eit ev framtidig større regionalt samarbeid er det naturleg at ein tar utgangspunkt i Bergen brannvesen sine ressursar.

Også innan beredskap er det aktuelt med samarbeid over kommunegrensene. Bergen kommune har tatt initiativ til eit regionalt samarbeid om beredskap. Mange kommunar i fylket har meldt interesse for eit slikt samarbeid. Vaksdal er saman med Bergen, Fjell og Askøy invitert til å delta i den administrative prosjektgruppa.

Konklusjon

Komiteen sin samla vurdering og framlegg:

I lys av større hendinga i seinare tid ser stadig fleire behov for å samla ressursane til brann og redning i større einingar regionalt. Auka krav kommunane gjer at fleire søker saman for å sikre ei effektiv organisering, styrka det førebyggande arbeidet og auka kompetanse og fagmiljø. Brannstudien peikar på behovet for større og meir slagkraftige einingar og ser dette saman med organisering av andre nødetatar.

Komiteen vurderer det som særslig aktuelt for Vaksdal kommune å inngå i eit interkommunalt samarbeid, enten i eit større regionalt samarbeid eller i eit samarbeid med Bergen brannvesen. Gjennom eit slikt samarbeid/kjøp av tenester vil kommunen få tilført kompetanse og inngå i eit større fagmiljø, og kan i større grad løyse sine oppgåver innan førebyggande arbeid og øvingar. Mannskapsstyrken vil som tidlegare vera lokalisert lokalt, men dette må drøftast nærmere ved inngåing av eit slik samarbeid.

Komiteen gjer framlegg om å halde fram med dagens brannordning i påvente av ei snarleg avklaring om interkommunalt samarbeid. Om det ikkje nærmar seg ei avklaring innan utgangen av 2014, foreslår komiteen at kommunen går i dialog med Bergen brannvesen om eit samarbeid. Ny brannordning må vurderast ved inngåing av avtale om samarbeid.

Komiteen rår til at kommunen søker samarbeid med Bergen om kompetanseutvikling av mannskapet.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
40/2014	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	01.09.2014

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 033, FA - M80	14/654

DRØFTINGSSAK OM INTERKommUNAL BRANN OG REDNINGSTENESTE

Vedlegg:

Program brann og redningskonferansen til Bergensalliansen 23 juni
Gjennomgang av brannvernet - Innstilling frå mellombels komite

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 40/2014

FPØ - behandling:

I medhald av fvl §6 b) vedtok formannskapet samråystes at Bjørg Aase N. Hop er ugild i saka

Framlegg frå ordføraren:

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ei sak om eit mogleg samarbeid med Bergen brannvesen på lik linje med Osterøy og Samnanger.

Framlegget vart samråystes vedteke.

FPØ - tilråding/vedtak:

Formannskapet ber rådmannen utarbeide ei sak om eit mogleg samarbeid med Bergen brannvesen på lik linje med Osterøy og Samnanger.

Saksopplysningar:

Vaksdal har nyleg hatt ein større gjennomgang av brann og redningstenestene i kommunen og

kommunestyret vedtok følgande i mai:

Dagens brannordning vert vidareført i påvente av avklaring om ev interkommunalt samarbeid innan brann og redning. Om eit slikt samarbeid ikkje er nærmare ei avklaring innan utgangen av 2014 får formannskapet fullmakt til å gå i dialog med Bergen brannvesen om eit samarbeid. Revidering av brannordninga vert ein del av eit slikt samarbeid. Samarbeidsavtale skal leggast fram for kommunestyret til godkjenning.

Ordførar har bede rådmann legge fram ei drøftingssak til formannskapet om korleis vedtaket kan følgast opp.

Interkommunalt samarbeid

Eit samla formannskap deltok på dagskonferanse med tema «Korleis sikre innbyggjarane best mogeleg brann og redningstenester?» i regi av Bergensalliansen 23. juni i år. Erfaringar frå ulike interkommunale samarbeid om brann og redningstenester vart presentert i tillegg til brannstudien.

Det pågår prosessar i heile landet for å etablere større regionale brannvesen. Fleire kommunar i vårt fylke samarbeidar allereie i dag om brann og redningstenester og det pågår prosessar for å etablere eit større regionalt samarbeid. Fordelane med slik organisering er m.a større kompetansemiljø, opplæringsmogelegeheter, auka ressursar og kompetanse til det førebyggande arbeidet og tilsyn, heiltidsstillingar innafor viktige fagfelt, leiing og leiarutvikling.

For Vaksdal kommune vil Bergen brannvesen vera ein naturleg samarbeidspart. Samnanger og Osterøy kommunar har pr. i dag avtale med Bergen brannvesen om brann og redningstenester. I eit ev framtidig større regionalt samarbeid er det naturleg at ein tar utgangspunkt i Bergen brannvesen sine ressursar. Det vil såleis ikkje vera stor risiko om Vaksdal inngår eit samarbeid med Bergen slik som nabokommunane våre har gjort, det kan truleg lette ei ev overgang til eit større regionalt samarbeid seinare. For å få på plass ein avtale for 2015 er det naudsynt å starte dialogen ganske raskt. Det er også naturleg å kunne behandle ein samarbeidsavtale samtundes med økonomiplanen.



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Rådmann/Trine Pettersen Grønbech
Vår referanse: 15/907 - 14 / FE - 401, FA - M80
Dato: 02.12.2015

Emne: Referat frå drøftingsmøte vedrørande mogeleg administrativt vertskommunesamarbeid med Bergen brannvesen

Det vert synt til brev frå Fagforbundet v/HTV 18.11.2015 og 23.11.2015 samt brev frå rådmannen 23.11.2015, 27.11.2015 og 30.11.2015. Drøftingsmøtet fann stad 02.12.2015 på rådmannens kontor mellom HTV Fagforbundet Bente Hesjedal og rådmann Trine Grønbech.

Møtet omhandla sak om mogeleg administrativt vertskommunesamarbeid med Bergen brannvesen som er fremja for politisk handsaming, jf Hovudavtalen (HA) §§ 1-4-3 og 3-1.

Partane er samde om at dette er eit drøftingsmøte, ikkje forhandlingar. Det vert skrive referat frå møtet.

Innleiingsvis omtalte partane også brev frå Fagforbundet v/HTV av 11.06.2016 vedrørande pilotprosjekt for Bergensalliansen – ny organisering av brann- og redningstenesta

Fagforbundet har notert seg rådmannen sitt svar av 27.11.2015 og seier seg nøgd med svaret. Det vert forventa vidare informasjon og drøftingar når saka kjem så langt, slik rådmannen viser til i sitt svar.

Rådmannen vil oppdatere rutine for sakshandsaming for politiske utval.

Sak om mogeleg administrativt verskommunesamarbeid med Bergen brannvesen

Fagforbundet uttrykte følgjande moment dei meiner er viktige i saka:

- Brannvernet i Vaksdal har og har hatt samarbeid med Bergen brannvesen over lang tid.
- Dei får tilbod om utdanning og kurs jamnleg, dei får nytta fasiliteter t.d. til røykdykking når dei søker om det, treng ikkje ei formalisert avtale for det.
- Brannvernet i Vaksdal mister økonomisk styring/kontroll over budsjettet.
- Kan mista alternativ til opplæring/kurs.
- Meirkostnad koordinator.

- Lokal brannsjef har kompetanse og kunnskap om mannskap, kommunen og innbyggjarar som er viktig å ta vare på i ein beredskapssituasjon og etterpå .
- Fag forbundet ynskjer eit brannvern som har den kompetanse og får dei øvingar og utstyr som er nødvendig for å utføra den viktige oppgåva dei har, men kostnadsbiletet i brannvernet må og sjåast på i høve andre einingar i kommunen.
- Fag forbundet ser og på dette forslaget til samarbeidsavtale som ein del av sentraliseringa som den noverande regjeringa har sett i gang der utkantane stadig mister oppgåver og stiller spørsmål om dette er ein del av kommunesamanslåing med Bergen.

Rådmannen lytta til argumenta og viste til at dei fleiste har vore med i vurderinga.

Forholdet til sentralisering og kommunestruktur har ikkje vore tema, berre dei fagleg vinstane ved eit samarbeid jf dei dokumenta og prosessane som det er vist til i saka.

Det vart elles vist til argumentasjonen i heile sakskomplekset, mellom anna:

- Økonomisk er det ikkje noko venta vinst men sterke faglege vinstar, også som prioritieringsgrunnlag.
- Lokal kunnskap og kompetanse er viktig og har vore ein sentral føresetnad bak framlegg til avtale.
- Heilskafeleg kompetanse har vore viktig å få fram og styrke styringa av, slik at lokal kompetanse vert supplert av krav til spesial kompetanse og kompetanse i høve dei verkeleg store hendingane. Dette er kompetanse som det er vanskeleg å forventa at kommunar på vårt storleik har og som samarbeidsavtalar ikkje tilstrekkeleg vil sikre.
- Rådmannen viste også til forventa effekt på det førebyggjande arbeidet, der kommunen har mykje å hente.

02.12.2015

Ref: Trine Grønbech



Notat

Til

Fag forbundet Vaksdal, Randi Solveig Pedersen

Kopi til:

Saksbehandlar: Rådmann/Åse Elin Myking

Vår referanse: 14/654 - 17/8215 / FE - 033, FA - M80

Dato:

Emne: Drøftingsmøte med Fag forbundet om ev brannsamarbeid med andre kommunar - referat frå møte 21.09.2017

MØTE: Drøftingsmøte etter HA del B §§1-4-1, 1-4-3 og §3-1c) om oppstart av dette arbeidet.

Partar: Fag forbundet v/HTV og Vaksdal kommune v/rådmann og HR leiar

Drøftingsgrunnlag sendt ut med innkalling:

Med bakgrunn i rekrutteringsvanskjer til brannsjefstillinga, manglende godkjenning frå DSB og nye krav til kompetanse og stillingar innan brannvern må kommunen vurdere samarbeid med andre brannvesen. Det vert kalla inn til drøftingsmøte etter HA del B §§1-4-1, 1-4-3 og §3-1c) om oppstart av dette arbeidet.

Brev frå DSB inneheld personopplysningar og er unntatt offentlegheit, det var difor ikkje sendt ut, men lagt fram i møtet.

Fag forbundet har deltatt i rekrutteringsprosessen og er kjent med resultatet der. Rådmann orienterte om status for brannsjefstillinga og svara frå Dsb. Einingsleiar og rådmann har hatt telefonmøte med Dsb om korleis kommunen bør forhalde seg til dette. Dsb orienterte om arbeidet med ny dimensjoneringsforskrift og at det truleg vert krav til minst to heiltidsstillingar i alle kommunar knytt til brannsjef og førebygging.

Fag forbundet hadde håp om at det var mogeleg å få til ei løysing med lokal brannsjef. Etter svaret for Dsb er dei inneforstått med at dette vanskeleg let seg gjere. Dei ber om at det også blir vurdert om ein kan få til overgangsløysingar med Voss. Dette har også kome fram frå mannskapet og rådmann vil vurdere dette. Varsla krav i dimensjoneringsforskrifta gjer ei slik løysing mindre aktuell. Framlegget frå Dsb var venta i november, men det kan verte utsett til desember.

Fag forbundet er opptatt av å få ei god koordinering opp mot mannskapa og meiner at løysinga med koordinator blir viktig. Dei viser til at brannvesenet lenge har hatt ein uavklart situasjon i forhold til brannsjefstillinga og meiner det no er viktig å snarast mogeleg finne ei god og stabil løysing for framtida.

Rådmann orienterte om møtet med Bergen brannvesen og at dei hadde meldt tilbake at dette var aktuelt for dei frå 2018. Erfaringar frå Samnanger og Osterøy kommunar vert og henta inn. Vaksdal og Osterøy har snakka saman om det er mogeleg å samarbeide om koordinator, dette er forhold

ein ev må sjå nærare på. Osterøy har hatt 20% koordinator, dette har vore for knapt. Vaksdal meiner det er ein fordel om koordinatorstillinga kan vera inntil 40%, særleg vil det være viktig i starten.

Framdriftsplan for prosessen vart gjennomgått.